



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato
15.05.2017
Dykkar dato
20.04.2017

Vår referanse
2017/5281 561
Dykkar referanse
13/306648

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Merknad til søknad om bygging av Solheimsdalen kraftverk i Tysnes kommune

**Søknaden er konfliktfyldt ut fra omsyn til våtmarksområde og redusert vassføring.
Verknader for landskapet er ikkje omtalt utfyllande. NVE bør etterspørje alternative
planar som i større grad tek omsyn til naturmangfaldet. Fylkesmannen rår frå
søknaden slik den er presentert.**

Søknaden gjeld bygging av kraftverk i Brekkeelva i Solheimsdalen, mellom Gjermevatnet og Singelstadvatnet. Vassdraget inngår i Onarheimsvassdraget. Brekkeelva ligg i eit sørvendt, i eit middels bratt dallandskap. Nedbørsfeltet ligg stort sett i høgareliggende fjellområde. I tiltaksområdet går elva gjennom myrområde, bekkekløft/gjel, lauvskog og kulturmark. Brekkefossen er eit markert landskapselement i vassdraget. Vassdraget har i dag ingen større tekniske inngrep. Det går ein kommunal veg til Skjolda, og derfrå skogsveg vidare opp i lia. Det er ei lysløype i dette området.

Tiltakshavar søkte i 2010 om konsesjonsfri utbygging av vassdraget. Av omsyn til verknader for biologisk mangfald, særleg bekkekløfta i området, fastsette NVE, og seinare Olje- og energidepartementet at eventuell utbygging av Brekkeelva må konsesjonshandsamast. Dei vurderte det som nødvendig for å kunne fastsetje aktuelle avbøtande tiltak, spesielt minstevassføring.

Om utbyggingsplanane

Det må byggjast ny veg om lag 120 meter frå skogsbilvegen inn til inntaket. Dette er planlagt på kote 283, om lag 160 meter nedanfor Gjermevatnet. Røyrgata vil gå på vestsida av elva i øvre del, deretter vil ho krysse over til austsida av elva. Røyrgata skal gravast ned 1430 meter. Det blir nødvendig å byggje mellombels veg langs gata, og ein må sprengje omlag 200 meter av strekninga. Kraftstasjon ligg på kote 130, og det må byggjast 350 meter ny veg fram til denne. Vatnet vil bli ført attende til Klettabekken før denne renn inn i Singelstadvatnet. Planlagt minstevassføring er sett til 45 l/s om sommaren, 50 l/s om vinteren. Installert effekt i kraftverket vil vere på 2,7 MW, årleg produksjon vil vere 7,9 GWh.

Det er ikkje utført nedbørsmålingar i vassdraget. Ein har lagt til grunn målingar i Røykenesvassdraget i Os og tilpassa relevante data frå målingar her, sjå tabell 4 i søknaden.

Søkjar sin omtale av verknader

Inngrepet vil berøre naturtypen bekkekløft, eit område på om lag 50 dekar med B-verdi, og dei raudlista naturtypane open myrflate, elveløp og fosseberg. Røyrgata representerer det største negative inngrepet, spesielt då den vil gå gjennom eit intakt myrområde. Samla verknad for raudlista naturtypar er sett til *middels negativ*. Når det gjeld konsekvensar for det akvatisk miljø vil det truleg vere stort for botndyrsfaunaen. Konsekvensane er her sett til *middels – stor negativ*. Når søker ser samla på konsekvensar på terrestrisk og akvatisk biologisk mangfald, vert verknadene vurderte som *middels negative*.

Konsulenten uttrykker tvil når det gjeld spørsmålet om foreslått minstevassføring er tilstrekkeleg for å sikre livsmiljø for akvatisk biologisk mangfald. Det vert og peika på konflikten ved leggje røyrgate gjennom myrområdet. Naturtypen er trua, og det vil vere vanskeleg å oppretthalde høg vasstand i myra etter at tiltaket er gjennomført.

Verdien av Brekkefossen som landskapselement er ikkje diskutert. Søkjar har sett verknader for landskapet til *liten – middels negativt*.

Området vert mest nytta av lokale i samband med friluftsliv, inkludert idrettslaget sin bruk av lysløypa og vegen opp til anlegget. Andre friluftsinteresser er ikkje kjent, og konflikt med friluftsinteressene er sett til *lite/ingen*.

I søknaden er det kart og omtale av andre vassdragsinngrep på Tysnes og i regionen, for å få eit inntrykk av samla belastning. Sørdalen kraftverk vart sett i drift i 2009. Det er gitt løyve til fleire mikro- og minikraftverk, som etter det søker kjenner til ikkje er bygde. Det er gitt løyve til uttak av vatn for fire settefiskanlegg på Tysnes.

Fylkesmannens merknader

Fylkesmannen meiner det er uheldig å opne for kraftutbyggingsprosjekt med røyrgata som går rett gjennom myrområde. Inngrepet slik det er planlagt vil mest truleg føre til at våmarksområdet vert drenert og øydelagt. Vi viser til at dette er ein naturtype med viktig funksjon i samband med økosystemtenester.

Utbygginga vil i tillegg føre til uheldig reduksjon av vassføringa gjennom bekkekløfta og naturmiljøet her. Vi viser til konsulenten sine merknader knytt til nivå på minstevassføring. Det er viktig at dette spørsmålet blir vurdert nøyne av NVE.

Søknaden gir få opplysningar om aktuelle arealinngrep, til dømes kor det er nødvendig å spreng ned røyrgata. Dei landskapsmessige verknader av inngrepet er därleg opplyst.

Brekkelva er del av Onarheimsvassdraget. NVE har til vurdering søknad om uttak av vatn til settefiskanlegg i nedre del av vassdraget. Det er viktig å vurdere heile vassdraget i samanheng.

I samletabell 14 i søknaden, er konflikt for alle tema summert opp som *liten/middels negativ*. Fylkesmannen meiner slike middelverdiar for fleire tema har liten verdi i vurdering av konsesjonsspørsmålet. Ein må leggje avgjerande vekt på viktige og kritiske faktorar for naturmangfald eller samfunn.

Vi viser til krav om å finne tekniske løysingar som er i minst mogleg konflikt med naturmangfaldet, jf. naturmangfaldlova § 12. Vi rår frå søknaden slik den er presentert.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernsjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

| | | | |
|--|-----------------------|------|-----------|
| Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag | Tverrgt. 4/6 | 5017 | BERGEN |
| Miljødirektoratet | Postboks 5672 Sluppen | 7485 | TRONDHEIM |
| Tysnes kommune | Rådhuset | 5685 | Uggdal |
| Hordaland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | Bergen |